



INFORMASJON TIL KULTUR- OG FRITIDSORGANISASJONAR

– TILSKOT M.M. 2022

Støtte til kulturarbeid i Klepp

Registrerte frivillige lag og organisasjonar som driv kultur- og fritidsaktivitet i Klepp kommune, kan søkja om tilskot til drift og andre føremål.

Kommunestyret fatta 13. desember 2021 vedtak om nye retningslinjer for støtte til kulturarbeid i Klepp: [Retningslinjer for støtte til kultur i Klepp kommune](#)

Meir informasjon om tilskotsordningane og søknadsskjema finn du på kommunen si nettsida: <https://www.klepp.kommune.no/artikkel/tilskotsordningar>

Obs! Vi jobbar for tida med å laga nye søknadsskjema, men dei vil vera klar i god tid før søknadsfrist.

Nytt lag og foreiningsregister

Klepp kommune har fått eit nytt [lag og foreiningsregister](#). Her ønskjer me at det skal finnast oppdatert og aktuell informasjon om alle registrerte lag og foreiningar i Klepp. Opplysningane om dei enkelte organisasjonane vert henta automatisk frå Brønnøysundregistrene, men foreiningane må sjølv melde inn endringar til Brønnøysundregisteret.

Føremålet med lag- og foreiningsregisteret er:

- Å gje god informasjon til innbyggjarane om kva som finnest av kultur- og fritidstilbod i kommunen.
- Å gjera det lettare for innbyggjarane å finna fram til rett organisasjon/ rett aktivitet.
- Å bidra til god rekruttering til laga og god informasjon mellom organisasjonane og innbyggjarane.

Her finn du informasjon om korleis du registrerer ditt lag eller foreining:

<https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/registrere-lag-eller-forening/tips-til-hvordan-du-registrerer-lag-eller-forening/>

Aktiv Jæren – En ny nettbasert aktivitetskalender for Klepp og Time

[Aktiv Jæren](#) er eit samarbeid mellom Klepp og Time kommune, der målet er å få endå fleire til å delta i kultur- og fritidsaktivitetar. Kalenderen vil gjere det mogleg for innbyggjarane å søkje opp fritidsaktivitetar ut frå bustad, alder, interesser, kostnadar og tilgjengelegheit for personar med nedsett funksjonsevne.





Vi ber derfor alle lag/organisasjonar om å registrera alle sine aktivitetar i registeret. Viss foreininga di tilbyr fleire fritidsaktivitetar, så blir dei send inn som separate aktivitetar (t.d. viss ei foreining har allidrett, fotball og handball, så blir det send inn som tre forskjellige aktivitetar. Ein skil ikkje mellom ulike aldersbestemte lag.)

Vi håper alle lag og foreiningar registrerer sine fritidsaktivitetar, slik at portalen blir fylt opp med alle dei flotte aktivitetane som finst i både Klepp og Time.

Registrer aktiviteten din her: <https://www.aktivjaren.no/ny-aktivitet/>

Fritidskort

Klepp kommune har for tida ei prøveordning med Fritidskort. Målgruppa for fritidskortet er barn og unge med folkeregistrerte adresse i Klepp i alderen 6-18 år, og som av ulike årsaker ikkje kan betala medlemskontingenten sjølv.

I 2022 kan frivillige lag og organisasjonar som driv fast fritidsaktivitet for barn og unge søkja om å få dekkja medlemskontingenten for medlemmer som er i målgruppa.

Meir informasjon og søknadsskjema finn du her:

<https://www.klepp.kommune.no/artikkel/Fritidskort>

Frivilligheitas år

Frivilligheitas år 2022 skal feira Noregs viktigaste lagarbeid. Alle lag, foreiningar, frivilligsentralar, kommunar og andre samarbeidspartnarar blir inviterte med til å synleggjera og aktualisera frivilligheita, auka kjennskap og heider og til å få fleire med.

Året er forankra i regjeringas Frivilligheitsmelding. Det er Frivillighet Norge som har fått ansvaret for å planlegga og koordinera innsatsen rundt året. Det skal markerast frå nord til sør, på digitale og analoge flater og i både fysiske og digitale arrangement.

Sykkelturen 2022

Noregs Frivilligsentral skal m.a. feira frivilligheitas år med og ha ein sykkeltur frå Hammerfest til Arendalsuka. Sykkelturen går gjennom Rogaland frå 30. juni til 6. juli. Måndag 4. juli sykklar vi gjennom Klepp.

Nokon har kanskje fått med seg at Klepp frivilligsentral inviterer til planleggingsmøte for Sykkelturen 2022. Ny dato for møte er mandag 17. januar klokken 18-20 i kommunestyresalen i rådhuset.

Meld deg på her: <https://klepp.frivilligsentral.no/hendelse?bli-med-a-vise-frivilligheten-i-klepp---sykkelturen-2022&Id=772987>

ALLEMED i Klepp

I haust blei det politisk vedtatt at Klepp kommune skal vera med i eit ALLEMED-samarbeid. ALLEMED er eit dialogverktøy som skal gjera det lettare å inkludera alle barn og unge i fritidsaktivitetar, uavhengig av økonomien i familien. ALLEMED er laga av Nasjonal Dugnad mot fattigdom og utanforskap blant barn og unge (NDFU). Målet med prosjektet er å skapa ein felles medvit om situasjonen i Klepp, og komma fram til konkrete idear til kva som skal til for å få alle med i fritidsaktivitet.





Les meir om ALLEMED i Klepp her: <https://www.klepp.kommune.no/artikkel/ALLEMED-i-Klepp>

Digital ALLEMED-dugnad

Onsdag 9. februar 2022 kl. 18.00-20:30

Alle frivillige lag og foreninger i Klepp som driv aktivitetar for barn og unge er hjarteleg velkomne til å senda ein representant til å delta på ALLEMED-dugnad saman med representantar frå kommuneadministrasjonen og politikken.

For påmelding, send ein e-post til kultur@klepp.kommune.no innan 4. februar.

Leige av friluftsutstyr – www.frilager.no

Organisasjonen FRILAGER har ansvar for utleige av kommunen sitt friluftsutstyr m.m. kanoar, surfebrett, lavvoar/ telt og anna utstyr til organisasjonar, skuleklassar og grupper. Friluftstytret kan og må bookast online.

Elles

Veldrivne lag er ofte kjenneteikna av god informasjonsflyt. Me oppmodar derfor deg som mottar dette brevet om å informera styret, tillitspersonar, komitear og medlemmer om innhaldet, sørgje for at laget går nøye gjennom informasjon, sikra at aktuelle søknader med vedlegg blir sendt inn i tide, samt hengja opp aktuell informasjon på oppslagstavla og andre stader.

Har de spørsmål om noko av det som er nemnt i dette brevet, eller om anna, så ta gjerne kontakt med oss i kulturavdelinga.

Kontaktinformasjon finn du her: <https://www.klepp.kommune.no/artikkel/Kontakt-kulturavdelinga>

Me ønskjer laget lykke til med arbeidet i 2022!



Med vennleg helsing

Kulturavdelinga i Klepp

